

“Åbretl – fellplagg – fellvar” Vevtradisjon i Folldal, Alvdal og Tynset

Det skrevne ord om vev og vevkunst tek ofte for seg det mest mønstrete, det vakraste og det mest fargerike. Det kvardagslege og enkle, det som var i dagleg bruk er sjeldnare omtala på trykk. Derfor vil denne artikkelen dreie seg om den daglege sengklede, spesielt om plagget som vart breidd over, på baksida på skinnfellen. Eg vil gå inn på teknikk og fargebruk, samt bruksområde og tilverkarar. Artikkelen vil konsentrere seg om tradisjonen i Folldal, Alvdal og Tynset, da desse bygdene ser ut til å ha eins tradisjon i type og bruk.

Råstoff til sengklede

All sengklede vart tidlegare laga på garden, av råstoff som skinn og ull.

Dei eldste kjeldene som fortel oss om sengklede er arveskifta. Ved den menige manns bortgang blir vesentlege eigedelar ført opp i skifta som kapital, og seinare delt ut att på etterkommarar eller nære slektningar. Sengklede er rekna som vesentlege eigedelar, og dermed oppført som eige kapittel i skifta. Skiftet etter Tore Simenssøn frå Eggan i Tyllaldalen (16-1) er frå 1677, her omtalast sengeklede slik:

1 grå randet vadmels dyne	1 rd.
1 sort randet vadmels hoffdelag	1 ort
1 ny skinnfell	6 ort
1 do	5 ort
1 kalvskinnfell	3 ort
6 råde sauskinn à 1/2 ort	3 ort
18 råde kalvskinn à 4 skl	3 ort



Seng oppreidd med bost i botn, underfell oppå. Hovudpute og sauskinnfellen med "åbretle" over. Dette var ofte sydd fast på fellen. Frå utstilling ved Museumssentret Ramsmoen. (MiNØ 14592).

Sengeleie

Senga og sengeleiet i tidlegare tider, var eit leie på halm eller høy på golvet.

Halmen

Eit fange halm vart lagt laust oppi sengekarmen eller brukt som fyll i bosten (madrassen).

Bosten – er det lokale namnet på madrassen. Dette var ein stor sekk av heimevove, stampa ulltøy oftast stripete i kvitt og sausvart. Denne vart fylt med halm, høy, dun eller filler. Sekken vart voksa innvendig før bruk. Boster med dunfyll var dei gjevaste. Ifølge gamle skifteprotokollar er bosten med dun-fyll sett høgst i pris. Dun var ei vare som måtte kjøpast og derfor fekk ein høg verdi.

Hovudputa – blir i skiftematerialet beteikna som “hoveddyne” eller “hovedlag”. Denne var lang og gjekk over heile sengebredda. Puta var ein pose, sydd av heimevove ulltøy, som bosten, og fylt med dun eller oppklypte tøybiter. Skiftematerialet fortel oss og litt om utsjånaden og verdien på hovudputene.

Reingjering av sengklede var ikkje alltid like lettvindt. I boster med halm eller høy som fyll vart innhaldet utskifta når høyet hadde smuldra opp. Fylla i filleboster vart teke ut og bostvaret vaska. Likeins i hovudputer.

Når dei skulle reie opp senga vart det lagt ein underfell eller eit underplagg oppå bosten. Underfellen, blir her kalla “onnfell” og var ein simplare eller meir sleten sauskinnsfell. Det var og brukt underfell av kalvskinn. I staden for underfell, kunne ein nytte underplagg, her kalla “onnplagg”. Dette var sydd av to bredder entennings ulltøy, seinare av halvull (tøy vove med bomulls renning og en-tråds ullgarn som innslag). “Onnplagga kunn vør både kvite å gråe”.

Når ein la seg til kvelds, oppå “bost

mæ onnfell over”, kunne ein breie over seg ein god og mjuk sauskinnsfell.

Skinnfellen

Sjølve sauskinnsfellen har det siste 100-året vore sydd av skinn i mjukull, dvs av dalasau/sjevjot. Fellan vart laga av skinnfellmakarar som kom til gards og utførte heile prossessen, frå råe skinn til ferdig fell. Han reidde skinna, vaska dei, tørka og smurde dei, før ein kunne begynne å skante til og sy skinna saman. Dei gamle fellan var ihopsett av seks skinn. Kvar skinnfellmakar hadde eit eige produksjonsmerke, ein fell-lapp, som var festa i hjørna ved hovudenden.

Skiftebrev

Den eldste dokumentasjon om sengekledde finn ein i arveskifta. Sengekledde vart vida eit eige kapittel, der antal, type og verdi vart nemnd.

I skifte etter Ole Engebretsen Røsten, Tynset i 1737 står dette å lese:

“Senge bord og Gangklederne med Widere

<i>1 Graa Rannet Underdyne</i>	<i>3 - 0 - 0</i>
<i>1 ditto</i>	<i>2 - 0 - 0</i>
<i>1 Sort Ranned Ditto</i>	<i>2 - 2 - 0</i>
<i>1 ditto</i>	<i>2 - 0 - 0</i>
<i>1 Reenskind waars Hovedlaug</i>	<i>0 - 3 - 0</i>
<i>1 Sort Ranned Hovedlaug</i>	<i>0 - 2 - 0</i>
<i>1 ditto</i>	<i>0 - 2 - 0</i>
<i>1 Gammel ditto</i>	<i>0 - 1 - 8</i>
<i>1 Graae Ranned Hovedlaug</i>	<i>0 - 1 - 8</i>
<i>1 Sovskindsfæld</i>	<i>1 - 0 - 0</i>
<i>1 ditto</i>	<i>1 - 0 - 0</i>
<i>1 Kalvskindsfæld</i>	<i>0 - 2 - 0</i>
<i>1 ditto</i>	<i>0 - 2 - 0</i>

1 ditto	0 - 2 - 0
1 Røed Ranned Sænge-Rye	2 - 2 - 0
1 Graae Ringwend ? ditto	2 - 3 - 0
1 Sort Ranned Ditto	2 - 1 - 12
1 bord-Klæde gammelt	0 - 2 - 0
1 Høiende	0 - 2 - 0
1 Mands Graa Vadmel's Kiøle	0 - 3 - 0
1 Graa Wadmels Trøye	0 - 1 - 12
1 ditto	0 - 1 - 12

To år tidlegare, i 1735, i eit skifte funne på garden Nordmoen, Fåset, er følgjande "Sænge og Liinklæder" oppført:


" 1 Graae Ranned Underdyne med Kalvskind paa den enne Side	2 - 0 - 0
1 ditto Sort Rannede	2 - 1 - 0
1 Graae Rannede Hovedlaug	0 - 2 - 0
1 Sort Rannede ditto	0 - 1 - 12
1 ditto	0 - 1 - 8
2st ditto à 1 ort	0 - 2 - 0
1 ditto af Skind for for	0 - 1 - 12
3st Sowoskinds-Fælder à 1 rd	3 - 0 - 0
1 ditto for	0 - 3 - 12
1 ditto	0 - 2 - 0
1 Nye Kalvskinds-Fæld for	0 - 2 - 0
1 ditto	0 - 1 - 12
1 ditto	0 - 1 - 8
1 Byg-Korns vefs Dug, 3 allen lang, Dobbelt breed	0 - 2 - 0
1 Lerrets Lagen	0 - 3 - 0
1 Westguytes Bord Klæde	1 - 1 - 0
1 gammel ditto, for	0 - 1 - 8



Skinnfell frå Sandvoll, Tynset (prnøt 0051). Fellen sett frå vranga. Her ser ein korleis fellen er bøtt. For å utnytte skinna mest mogleg måtte ein skøyte inn nye bøter der ulla var dårleg, spesielt i svangene (MiNØ 20746).



Fell-lapp til skinnfellmakar Per H. Dalåsen, Øvre Folldal (1867-1963) (prnøt 0155).



Skinnfell frå Støen, Tynset. Ukjent fellmakar. (prnøt 0102).



Fell-lapp etter Ole O. Moseng, Folldal (1863-1947).

Dei to fell-lappane er montert på same fell, M i venstre hjørne og S i høgre hjørne. Kona til Ole, Sigrid Pederdr. f. Steimosteen (1868-1958) har vove fellplagget. Dette er i lerretsbinding, toskaft, blå renning og innslag av en-tråds ullgarn i fargane svart, raudt og gult. Fellen er sydd med skomarkermaskin. (MiNØ 20706).



Fellen er sydd av "Hågen pi Åsom", Håkon Brynjulfson Strømsås (1859-1937). Det seiast at han fekk reidd skinna ved Sivilla Garveri og sydde feller med skomakarmaskin (Foto: forf).

Fellplagg og fellåklæ

Stua var opphaldsrommet i eldre tid. Her laga dei mat, åt, her tok dei imot fremmanfolk, dei sov, vart fødde og døydde her. Rundt peisen satt dei "skraddartimen", samla til kveldssete med all slags småarbeid og reprasjonar. Attåt vart det fortald eventyr og historier, og songe og tralle. Seng i stua var fast interiør. Denne sto i hjørnet i diagonal til inngangen. Senga var oppreidd og i dagleg bruk. Synleg var skinnfellen med eit stipete teppe over. Dette tverrstripete plagget var lagt over og sydd fast på baksida av fellen. Her i distriktet vart dette kalla "åbretl", som betyr å breie over.

Teknikk

Ved å gå nærare inn på desse vevde plagga, på mønster og fargar, ser ein ein viss forskjell i kva type bindemønster som var brukt, gjerne forskjellige frå bygd til bygd. Ei åklæregistrering i Tolga, gjennomført av Tolga Bondekvinnelag 1994/95, gjev oss inntrykk av ein stor variasjon i mønsterbruken, frå skillbragd, tavlebragd, halvdreiel, til enkle bindinger som lerret, og innslagseffekt i sateng og kypert. Inntrykket ein sit att med etter skinnfellregistreringa ved Museumssentret Ramsmoen i 1997, er ein viss skilnad i mønsterbruken mellom dei nördste bygdene i Nord-Østerdalen og Tynset-området med Alvdal og Folldal. I motsetning til Tolga og Os, har det i Tynset, Alvdal og Folldal ikkje vore så stor variasjon i typer mønster. Her peikar dei tverrstripete, "tvertførrannete", fell-



Fellplagg frå Nyheim, Alvdal. Vove av Marit Olsdtr. Nyheim f. Langodden (1881-1947), i åra før 1908. (Foto: forf.).



Fellplagg frå Nyheim, Alvdal. Vove av Marit Olsdtr. og dottera Eline (f. 1913) ca 1929. (Foto: forf.).



Fellplagg frå Folshaugmoen, Folldal. (Foto: forf.).



Fellplagg frå "nedi" Eggen, Vestatæ, Alvdal. (Foto: forf.).

plagga i innslagseffekt, og mønsteråklea i skillbragd, seg ut. Innan skillbragd finn ein her to typer, "rutåklæ" vove på seks skaft og "spelåklæ" vove på ti skaft. (Spelåklæ er eit uttrykk som eg har høyrd nemnd og som ikkje er stadfesta, men som fleire synes er ei rimeleg nemning).

Dei tverrstripete fellplagga er hovudsakleg vove i innslagseffekt, enten kypert (diagonal) eller sateng, slik at innslaget er mest synleg. Denne teknikken vart gammalt kalla "botntrødd".

Alle fellplagga er samansydd av to vevbredder, kvar på 70 - 75 cm og plagga måler tilsaman 140 - 150 cm på breidda. Dette utgjer breidda på skinnfellen.

Fargar og striper

Fargebruken var mangfoldig og dristig. Stripekomposisjonen var ulik frå ei veverke til den andre, også frå det eine plagget til det neste. Mange vov heile veven lik. Ein rull med ferdigvove tøy er bevart. Denne har vore til beredning og pressing og dermed fått ei glattare og meir solid overflate.



*Fell-lapp etter Håkon B. Strømsås.
(Foto: forf.).*

Fellplagga var oftast svarte, eller grå i botn. Raudt, grønt, gult, brunt og blått var brukt i stripene, og i dei smale stripene skarpe fargar som fiolett, blått eller orange. Grått og svart var det naturleg tilgang på, medan dei andre fargane måtte fargast.



Fellplagg (infomanten brukte uttrykket "fellvar") vove av Kjerstina Olsdtr. Strømsås f. Sivildal (1867-1958) Bindinga er innslagskypert, frå gammalt kalla "botntrødd". Her vises forskjell på rett og vrangside. (Foto: forf.).

Margot Opseth f. Øverby 1901-1969, Tyllidalen, vov fellplagg i grått, lys brunt, raudt og litt gult. Denne fargebruken let seg forklare utifrå kunnskap om plantefarging. Det gråe var vanleg sauefarge, av svart og kvit ull som var karda saman. Lys brunt fekk

ein ved å farge med steinmåsså i jønn-gryte, gult av mange slag lyng og måsså. Den raude farga fins ikkje blant fargestoffa i Østerdalsnaturen (bortsett frå rota av kvitmaure). I staden nytta dei "pakkfarge".

Eit tilsvarande fellplagg fann eg på registreingsrunden min, på Husan-tunet i Alvdal.

Korleis fargebruken har vore tidlegare fins det for få kilder til å klare å bedømme. Eg har sett fellplagg som både er tofarga, i svart og raudt, og fellplagg med fleire fargar. Eit døme er frå Nyheim på Brandvålen. Av dei to fellplagga som fins der, er det tofarga plagget i raudt og svart, eldst, medan eit yngre plagg har striper i raudt, grønt og blått.



Det slår meg at det tofarga er eldre enn det fleirfarga. Det fleirfarga plagget er farga med pakkfarge. Informanten fortel at ho var med og vov dette fellplagget, etter konfirmasjonen, like før 1930. "Me spann gåne og farje're mæ pakkfarje". Det eldre plagget på



Fellplagg på Husantunet, HTA 1641. Fargane er truleg plantefargar, grått av sauven, brunt ved farging med steinmåsså i jønngryste, gult av lyng eller måsså, her blåbærlyng? (Foto forf.).

Nyheim kan vera frå århundreskiftet. Det kan tyde på ei oppblomstring i fargebruken som kom av tilgangen på pakkfarge. Pakkfarge, med fabrikknamnet Indigo, fekk ein kjøpt i ein vanleg landhandel.

Det var kvinnene på gardan som sto for vevinga. Denne foregjekk hovudsakleg vinters tid. Alt tøy til gangklede og undertøy, samt sengklede vart produsert heime.

Når det her er snakk om fellplagg med striper i vene fargar, var det den einskilde veverka som sto for komposisjonen med fargebruk og striping. Mønstra bygde på fellplagg som vart utforma tidlegare. Den einskilde sin estetikk, gjennom fargebruk og formsans, er med på å utvikle dette formspråket og føre desse tradisjonane vidare.

Kjelder:

Informantar:

1. Marie Katrine Krokmoen f. Kaasen 1890-1982, Alvdal/Folldal.
2. Eline Nyheim f. 1913, Alvdal.
3. Hjørdis Lie f. Opseth 1922, Tylldalen/Alvdal.
4. Sigrid Nygaard f. Nesset f. 1926, Tolga/Tynset.
5. Mali Engetrøen f. 1919, Alvdal.
6. Ingeborg f. Kulvedrøsten 1943 og Kjell O. Strøms hoved f. 1937, Tynset.

Skinnefellregistreringa ved Museumssentret Ramsmoen, 1997.

Åkleregistreringa i Tolga, utført av Tolga Bondekvinne lag i 1994/95.

Litteratur:

Tore Aaen: Tynset. En bygdehistorie 1925.

Arkivalia:

Skifte etter Ole Engebretsen Røsten, Tynset i 1737.

Skifte frå Nordmoen, Tynset i 1735.

Helga Reidun Bergebakken Nesset
Museumsarbeidar
2560 Alvdal